



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Eldrerådet  
**Møtedato** 02.04.2019  
**Møtetid:** Kl. 10:30 - 12:00  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

### Møtenotater:

Eldrerådet slutta seg til å søkje tilskot for pårørande til personar med demens i lag med heimetenesta. Reidun Abotnes kjem og orienterer Eldrerådet om sitt arbeid i heimetenesta i neste møte den 17 september. Eldrerådet kan då kome med innspel til søknaden kommunen sender på dette tema.

Kommunen er invitert til møte med Fylkesmannen den 13 juni for å presentera kommunen sitt arbeid knytt til satsinga: *Leva Heile livet*. Samnanger får møte med 4 deltakar og det er mogleg at leiar i eldrerådet bør delta ilag med kommune på dette møtet. Kommune skal ha eit formøte og avklare kven som deltek i løpet av mai.

Leiar for sjukeheimen, Janne Drevsjø og fagsjukepleiar Kjersti Liøen deltok vidare i møtet og informerte om sitt arbeid på sjukeheimen og særskilt innanfor demens. Dei ønska å ha ei satsing særskilt på det førebyggjande. Det vert lagt opp til heimebesøk for dei over 80 år, for å kartlegge hjelpebehov innafor helse, bustad, mm. Eldrerådet hadde ønskje om å få kartlagt bustadsituasjonen for heimebuande. Liøen orientere om korleis dei jobba med førebyggjande tiltak for heimebuande og dei i institusjon. Dei har oppretta eit hukommelseteam, som har fokus spesielt på å kartlegge tidleg demens. Teamet kan ta testar, ta imot bekymningsmeldingar, vurdere tryggleikalarm, hjelpemiddel og brannførebygging. Me har og fagsjukepleiar som kan kartlegge behova til den enkelte. Dei oppmoda innbyggjarar og pårørande å ta kontakt med leiar for heimetenestene, Reidun Abotnes, eller fagsjukepleiarane Kjersti Liøen og Siv Merethe Holdhus dersom det var spørsmål og behov for besøk.

Drevsjø orienterte om kor viktig det er få eit verdig liv i egen heim, og at sjukeheimen er for dei sjukast. Tidleg innsats, ernæring og førebygge einsemd vert difor viktig. Aktivitetsvenn gjennom frivilligsentralen kan verte ei vidareføring av den tradisjonelle besøkstenesta. Hukommelseteamet vert og ein svært viktig samarbeidspart her.

Eldrerådet orientere om utfordringar med å få til besøkstenesta til å besøk i heimane. Det er lettare å få besøkstenesta til å fungere på sjukeheimen.

Drevsjø ønska meir bruk av storstova på sjukeheimen til kafe og felles arrangement. Eldrerådet ønska sterkt å følgje opp dette vidare med kafe 1 gang i veka der ein kunne kjøpe seg middag og ha ulike aktivitetar. Transport til kafeen burde ein få til ved hjelp av andre eldre og frivillige. Drevsjø kjem tilbake med forslag på oppstart og organisering innan juni.

Betaling og uttak av kontaktar er i utfordring og ofte vert det brukt VIPPS. Kurs i bruk av dette er eit behov og vi utfordrar frivilligsentralen til å halde slikt kurs.

Sven Rødseth orienterte eldrerådet om at han hadde vore i Eldrerådet i Fusa og underholdt dei på sitt årsmøte.

<b>Møteleiar:</b>	Solveig Vassenden
<b>Møtesekretær:</b>	Hilde-Lill Våge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 12.04.2019

---

Solveig Vassenden  
leiar i utvalet

---

Hilde-Lill Våge  
assisterande rådmann

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2019	19/327	Faste saker	

## SAKNR. 001/2019: Faste saker

### 02.04.2019 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

**Vi har invitert inn to av våre leiarar til å gje informasjon til Eldrerådet på:**

- 2. april - Samnangerheimen sine tenester v/Leiar Jane Drevsjø
- 17. september - Heimetenesta v/Reidun Abotnes orienterer om tenesta.

**Eldrerådet kan søkje midlar via Samnanger kommune på følgjande tilskottsordning:**



Tilskuddsordningen «Pårørendeskoler og samtalegrupper for pårørende til personer med demens» som Aldring og helse forvalter for Helsedirektoratet.

Du finner informasjon om tilskuddsordningen på hjemmesiden vår, her:

<https://www.aldringoghelse.no/demens/p%C3%A5r%C3%B8rende/tilskuddsordningen/>

Hilde-Lill orienterer kort om ordninga og vert einig om ein ev søknad.

### **ELD- 001/2019 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.